



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Ove Sund, 5557 2038

Vår dato
11.04.2018
Dykkar dato

Vår referanse
2017/2899 009
Dykkar referanse

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Orientering om digital utsending

Fylkesmannen i Hordaland vil i løpet av kort tid gå over til å sende sine utsendingar til kommunane ved hjelp av eFormidling. Avhengig av kva løysing kommunen har, vil dokumenta enten dukke opp direkte i arkivsystemet eller måtte hentast via Altinn.

Dette brevet er både ein orientering og ein test på om dokument vert tilgjengelege når vi sender via eFormidling. Vi ber difor om tilbakemelding til fmhpostmottak@fylkesmannen.no på om brevet er motteke, slik at vi er sikre på at det vi sender kjem fram til rette mottakar.

I ein overgangsperiode vil kommunikasjonen frå Fylkesmannen kunne gå på forskjellige plattformer (e-post, papirpost, eFormidling) avhengig av saksfelt, men så snart vi når å endre våre rutinar og gjennomføre opplæring for våre sakshandsamarar er målet at alle brev til kommunane skal sendast via eFormidling.

Les meir om eFormidling på Difi sine sider: <https://samarbeid.difi.no/eformidling>

Ta gjerne kontakt om noko er uklårt.

Med helsing

Peder Vedde
arkivleiar

Ove Sund
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.